

Visitasforedrag etter visitas

i Lade, Bakklandet og Lademoen sokn
10. - 12. mars og 27. - 31. oktober, 2021

1. Inngang

Det har vore ein lang visitas i kyrkjelydane i Østbyen.

Faktisk starta den ein småkald onsdagsmorgen i mars. Men i Lade kyrkje var det varmt og tende lys. Soknepresten (Angelika Grandy-Teig) inviterte til ein refleksjon over Kristus, livstreet. Ho skildra ei kyrkje og ei tru midt i eit mylder av menneske, skjebner, kulturar og interesser som vi ikkje fullt ut kjenner, og som kanskje ikkje kjenner kyrkja - og som ikkje eingong kjenner kvarandre - men som likevel er den røynda kyrkja spelar saman med, den som vi verkar i og som verkar i oss, den som vi formar og blir forma av. Midt i den røynda står Kristus, livstreet, med greiner og røter som strekker seg ut i livet, hentar og gjev næring.

Det var en fin inngang, for gjennom visitasvekene har vi nettopp sett desse sokna - kyrkja i Østbyen - som lever *i* og *med* dei tilhøva bydelen byd på. Vi er i eit urbant område av Noreg. Her er det byutvikling, endring og store vyer. Men det er også utfordringar og

uro. Vi ser ein bydel med ulikskap, noko utanforskning, men også ein bydel med sterkt identitet og sterkt tilhøyrssle. Midt i alt dette ser vi kyrkjelydar med både muligheter og vilje til å tenkje framover, kyrkjelydar som leitar etter nye arbeidsformer som kan vise nye vegar å gå vidare på.

Det er ein muligheitenes stad.

Tradisjonen er på plass. De tre kyrkjebygga har til saman med seg både historisk tyngde og moderne utforsketrang. Her er solide stabar, stor frivillighet, gode rådsorgan og sterkt organisasjon. Her er villige og engasjerte medarbeidrarar og frivillige. Det er på ingen måte kyrkjelydar som byrjar på "scratch". Men solide og opne kyrkjer med stor mulighet for samhandling; både internt og eksternt.

Vi har møtt og sett kyrkjelydane i samvær med kommune, institusjonar, folk og aktørar. Og møta har vore gode; her er ei kyrkje som står midt i det! Vi har sett dei som vil samarbeide med oss, og dei har sett oss. Vi har skjøna at vi både har noko å lære og noko å lære bort. Det har vore ein flott og inspirerande visitas, og eg kjem ikkje til å stå her med ei liste full av utfordringar, av saker som må løysast.

Nei, her er vi i kyrkjelydar som står på eit godt fundament

Men eg vil likevel pushe litt, for eg opplever at de har lyst til å gå vidare. Da vil eg seie: Tida har kome, tida er her. Vi går vidare saman.

2.1 Bygg og nærvær (Varme rom)

Eg sa det har vore ein lang visitas. Den har på sett og vis vara i over eit halvt år. Det skuldast korona-viruset. Fyrste delen av visitasen var i mars då landet i stor grad var stengd ned. Kyrkjelydane sin mulighet til utretta verksemd og møte med kyrkjelyd og folkekyrkje, med eksterne aktørar og folk, var i denne tida sterkt avgrensa.

Eg må seie nokre ord om korona-tida. Den har vore krevjande. Vi har høyrd forteljingane om korleis unge og vaksne i desse kyrkjelydane har sakna fellesskap. Vi har høyrd og sett korleis einsemd og det å leve avsondra har fletta seg inn i våre identitetar slik at det har vore vanskeleg å koma i gang att. Det kan vere at erfaringane etter koronatida peker på djuptgripande endringar som kyrkje og samfunn må rette stor merksemd mot.

Kyrkjene våre har leita etter si rolle i møta med desse avgrensingane. Då er det fint å høyre korleis "open kyrkje" i Lade har vorte eit viktig rom for samvær og fellesskap i ei tid som har vore lukka. Med avgrensingane som har følgt oss, har kyrkjene framleis vore berarar av fellesskapet i ord og sakrament. Menneske har (med god og smittevernkorrekt avstand) framleis samla seg i kyrkjene til dåp og nattverd, til gudstenester og gravferd. Kyrkjene er bygningar for

fellesskap og håp. Det har dei også vore i koronatida. Og det skal dei framleis vere no når samfunnet langsamt opnar opp igjen.

I ordet *biskop* finn vi det antikke, greske *episcopos* som tyder "den som ser". Biskopen skal utøve tilsynet, og ein visitas er biskopens moglegheit til å være den som ser. Denne gongen har vi sett i to omgangar. På grunn av smittevernavgrensingane vart besøket i mars avgrensa til møtet med stabar, sokneråd, fellesråd og nokre av samarbeidspartnerane. Men vi fekk med oss eit historisk møte med ein av ladejarlene i Korsvika, og ei vandring gjennom Svartlamoen og nærmiljøet på Lademoen. Vi fekk være med på matutdeling i Lademoen kyrkje, og vi møtte Kyrkjeleg dialogsenter og ungdommane på Jobbhuset (NAV Falkenborg) som held til i bydelshuset.

Og sjølv om vi måtte avgrense oss litt, var dette verdifulle møte nettopp sidan vi kunne dvele ved kyrkja sitt nærvær og rolle i lokalsamfunnet. Kyrkja må vere i dialog med ein bydel i endring, den må forhalde seg til omgjevnadene sine, svare på det som er etterspurt, og samstundes vere tydeleg på det den sjølv er og skal vere.

Vi er takknemlige for at kyrkja har gode kår i Trondheim kommune. Eg opplev at dei som styrar reiknar med kyrkja og forventar noka av den. Vi har møtt ei kommunaleiing med oppriktig interesse og engasjement, og hadde ei opplyst samtale med dei om kyrkja si

identitet og samfunnsrolle. Kommunen si haldning synar seg i satsing på diakoni og kyrkjebygg, i interessa for kultur og tradisjon som kyrkja bær saman med samfunnet den lev i.

I møta med sokneråda og fellesråda snakka vi om viktigheita av folkekyrkja også som eit fysisk nærvær. Dette vert på ein svært profesjonell måte handtert av både Fellesrådet og Kirkevergen, men ikkje minst også av dei som har ansvaret i sokna. Det gjeld dagleg leiar i Lademoen og Bakke, og dagleg leiar i Lade. Kyrkja er alltid til stades i lokalsamfunnet med våre symbolbygg:

Lade kyrkje er eit historisk monument, bygd i 1189 (for nesten 850 (832) år sidan), truleg på ruinane av to tidligare kyrkjer, og nær til det som sannsynligvis har vore den gamle hov-plassen. Her vart Noregs identitet forma og utfordra.

Midt i byen, øvst i bydelsparken reiser Lademoen kyrkje (fra 1905) seg, det nest største kyrkjerommet i byen, opphaveleg med plass til over 1000 menneske. I dag ei kyrkje som utforskar mogleighetsrommet - rommets og byggets eige vekt og forteljing som arena for barneteologi, for matutdeling, språkkafe, kulturaktivitetar og gudstenesteliv.

Og 306 år gamle Bakke kyrkje (frå 1715) som eit av få godt bevarte bygg frå tidleg 1700-tall i Trondheim, der brannar og byutvikling har

endra byens preg. Den ligger der eit steinkast frå den moderne Solsiden, som ein boge mellom fortid og notid, ei fysisk påminning om at vi menneske også er historie og røter.

På ei av samlingane fekk vi høyre om eit barn som gjekk forbi Lademoen kyrkje, barnas katedral, saman med si mor og sa: "Dette er mi kyrkje. Mamma, kva er di kyrkje?"

Kyrkjebygget betyr noko i seg sjølv. Det identifiserer kyrkja i lokalsamfunnet, gjev den materialitet. Der går gudstenestene føre seg på vegne av det samfunnet dei hører til, på vegne av folk og folkekirkje. Slik er kyrkjebygga også eit "Show, don't tell!" - ordlause teikn på kyrkjas samfunnsrolle og samfunnsdeltaking.

Vi møtte nokre elevar frå 10. klasse ved Lade skule denne veka, i visitasens andre del, og (jf. preika) spurte kva som er viktig for dei med eit kyrkjerom. Ein av elevane svara: «Det må vere varmt! Varme rom.» Vi lurte på om ho meinte god temperatur eller varmt i overført tyding. Ho svara: Begge delar!

I ei av takkebønene i den førre dåpsliturgien heiter det: "Takk for at du i dåpen gjev oss ein heim i di kyrkje på jorda". (I den nye ber vi om at barnet vert omslutta av den evige Guds kjærleik og at det blir gjeve ein heim i kyrkja.) Kyrkjebygga er sjølvsagt også meir enn symbol, dei er også rom der vi skal kunne kjenne oss heime.

I første del av visitasen fekk vi møte ideane og tankane bak Lademoen kyrkje som barnas katedral. I andre delen fekk vi både vere med på boklansering (gratulerer!) og på sjølve gudstenesta sammen med 17 barn - Kyrkjesskipet. Det har vore veldig interessant. I tillegg til at det i seg sjølv er ei flott, nær og annleis gudstenesteoppleveling, syner prosjektet også nokre av dei moglegheitene rommet gjev for å vere ein "varm" og open heim. Det kjem til uttrykk i rommets eige forteljing, i korleis symbolhandlingane og musikken kommuniserer også med dei aller minste, dei som enda ikkje har fullt utvikla språk.

Men det kjem også til uttrykk i samhandlinga mellom alle aktørane; barna og dei vaksne, kyrkjelydspedagogar, musikarar, prestar, frivillige og fagfolka utafrå - det skaper noko meir. Når vi gjer noko saman, vert det skapt noko nytt og fleire får dele erfaringa det er å ha ein heim i Guds kyrkje på jord.

Evangeliet skjer i ord og handling, i symbol og nærvær. Rommet og bruken av det spelar ei rolle. Lade skule er eit flott, moderne og nytt bygg, teke i bruk frå hausten 2018. Vi fekk møte rektor, medarbeidarar og elever på skulen denne uka, og elevane tok oss med på omvising. Ein av lærarane fortalte også korleis det nye bygget verkar på skolemiljøet, på pedagogikken. Det skjer noko med oss i rom som er gode; vi blir meir skjerpa, kanskje meir nærverande.

Slik skal også kyrkja vere gode, varme rom der fleire kan erfare religiøse praksisar gjennom forskjellige uttrykksformar. Dei tre kyrkjebygga kan på ulike måtar opne dørene for omgjevnadane sine - der kyrkja både *snakkar* til og *lyttar* for å utforske meir av si rolle i lokalsamfunnet. Vi må sjå kva vi *er* og kva vi *har*, og ta ansvar for å opne både våre dører og evangeliet for denne delen av byen.

Dette er ikkje noko kyrkjelydane i Østbyen skal arbeide med åleine. Kyrkja står midt i ein stor reform der vi skal lage ny organisering og organisasjon. Arbeidet må handle om korleis vi best utfører oppdraget vi har. Det må handle om korleis kyrkja trer fram og kva for verdiar vi tek med oss.

2.2 Diakoni (Stille stemmer) og samhandling i lokalsamfunnet (opne dører)

Noko av det viktigaste kyrkja tek med seg inn i vår tid er diakonien, i vid forstand. Der møter kyrkja både samfunn og samtid. Diakoni er kyrkja sitt kroppsspråk i verda. Diakonien er "Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjord gjennom liv og teneste"¹.

Den norske kyrkja ser på diakoni som si omsorgsteneste og eit arbeid for rettferd. *Diakoni er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.*

¹ Visjonsformulering i rev plan for diakoni (2020)

Kyrkjelydane i Østbyen har felles diakoniplan og er til stades på ein rekke diakonale arenaer. Baklandet Menighets Omsorgssenter er ein svært veldrive diakonal institusjon, der vi fekk samtale med medarbeidrarar med offensive visjonar, og møte bebuarar som trivst i flotte lokale. BMO er ein av byens svært gode heimar for dei eldste.

Kyrkjelydane sitt engasjement er breidt, det er språk-kafe, matutdeling, vaffeltirsdag, samarbeid med barnehagar og andre institusjonar, det er både etablerte arbeidsformer og visjonar for mykje meir.

Men diakoni skjer her også utan kyrkjelydane sin direkte medverknad. Det vart vi minna på under eit svært sterkt og godt møte med arbeidet på Blå Kors - Lade behandlingssenter. Institusjonen med avtale innanfor Spesialisthelsetenesten ligg vakkert til ytst på Ladehalvøya og har 170 medarbeidrarar og over 1000 brukarar i året. Vi fekk innblikk i eit stort, fagleg tungt og omfattande diakonalt arbeid som gjev menneske verd og mot!

I ei anna av samlingane vi hadde under visitasens andre del, møtte vi aktørar som arbeider med byutvikling i den delen av Trondheim som geografisk omfattar våre to kyrkjelydar: Svartlamoen boligstiftelse, Trondheim kommune med bydelsløftet (områdeutvikling) og heile visjonen for utviklinga i området rundt Nyhavna. Alle tre er svært

spanande og dyktige lokale aktørar som kyrkja må snakke med om si diakoni, om korleis ein kan arbeide for å vere ein truverdig samspelar i lokalsamfunnet.

Sokna lever i ei bydel i endring. Det handlar om demografi og levevilkår, om korleis bydelen vert nytta og om kva den tilbyr. I møtet med områdeutviklinga er det viktig at kyrkja også spør: "kva vil de vi skal gjera (for dykk)?" Kort sagt: Kva rolle kan kyrkja ta og kva rolle skal den ha i møte med både bydelsutviklinga som kjem og situasjonen slik den er.

I dette biletet må diakonien kome til uttrykk gjennom samhandling. Kyrkja må vere med i samtalen og bidra til å skape arenaer for at desse samtalene kan skje. Ei av formuleringane som vart brukt var å gje rom for og å bere fram dei «stille stemmene». Det er ei fin formulering. Kyrkja har både eit særskilt ansvar for, og eit særskilt rom for desse stille stemmene. Vi spurte kvar behovet for religionsutøving skulle skje, og meir spesifikt kvar ei kyrkje skal vere i ein ny bydel for 15000 menneske. Svaret var at det er eit godt spørsmål som må følgjast opp i vurderinga av andre sentrale bygg og funksjonar. Når byutvikling skal skje, får eigedomsutviklarar og profesjonelle aktørar mange oppgåver. Økonomiske musklar og fagleg kunnskap gjev stemmekraft. Men bydelsutvikling handlar om å høyre mange fleire stemmer. Mange av dei er stille, utan den tyngda som pengar og posisjon gjev.

Det er ei diakonal oppgåve å løfte fram desse stemmene slik at dei får være med å påverke val og prioriteringar. "Dei som har det dårlegast burde eigentleg bu best", var ei av meiningane som kom til uttrykk i samtalen. Kyrkja skal lytte til dei stille stemmene og vere med å gje dei kraft. Difor kan kyrkja be om ei rolle i byutviklinga; kanskje også be om å delta i dei styrande organa? Korleis kan kyrkja bidra til at kommunen også tek omsyn til behova til dei svakaste når ein utviklar bydelen? Kyrkja er en institusjon med stor kontaktflate. Den må vi bruke.

3. Oppsummering og utfordringar

Til slutt: Vi har fått sjå og høyrt mykje. Vi veit at det er også mykje meir som pregar sokna og som rører seg i dei. Samstundes har desse vekene gjeve eit godt inntrykk av det som formar sokna, og korleis sokna formar samfunnet kring seg.

Det er oppmuntrande å vere på visitas i Østbyen. Det er på mange vis ei moderne, urban kyrkje som trer fram. Programmet for dei to vekene har vore mangfaldig og godt, og eg har fått sjå kyrkjelydar som arbeidar målretta og utadretta. De er opptekne med kva for rolle de skal ha og de utforskar den i samspel med aktørar, institusjonar og partnarar kring dykk i lokalsamfunnet.

Det gler meg, og eg vil seie: hald fram med det. Hald fram med å søkje samarbeidsrelasjonar i alle slags miljø. Gå ut til dei og lat opp kyrkja for dei. Det ligg opningar i det å vere eit sterkt og særskilt bygg midt i byen. Her vert så mange trådar samla. Tradisjon og framtid, ro og handling, stille røyster i varme rom.

Vi står midt i ei tid der mykje er i endring. Det gjeld kyrkja og det gjeld samfunnet vi lever i. Sokna i Østbyen lever midt i denne utviklinga. Det blir bygd og utvikla omkring dykk, medan dei sosiale og menneskelege behova kjem til utrykk på ulike vis. Det må kyrkja lytte til.

Når kyrkja på denne måten lever i ei endringstid, er det viktig at den er tydeleg på kva den er og kva den kan vere. Det er ikkje sikkert at det alltid dreier seg om å jakte etter endring. Men det handlar om å stadig definere seg sjølv. Vi vert til som menneske i møte med den andre. Det er omgjevnadene og våre relasjonar som stadfester oss og formar oss. Slik skal også kyrkja som ein fellesskap utvikle seg i samspel med sine omgjevnader, for å seie meir om kven vi er og kva vi skal vere.

Vi har sett og fått innblikk i kyrkjelyder med sterke, fagleg dyktige og engasjerte medarbeidrarar, en god organisasjon for ansatte og råd og gode, hensiktsmessige rom. Det er grunn til å nevne fellesrådets

innsats og planmessighet for at desse skal vere i god stand, slik dei er. Bakke kyrkje er nymalt, Lade har fått overrislingsanlegg. Eit anna døme er golvet som skal leggast på nytt i Lademoen, eit oppvarma tregolv som nettopp svarar til aktiviteten i bygget som Barnas katedral. Slik kan ein fortsatt freiste å endre kyrkje romma slik at dei hensiktsmessige for bruk vi ynskjer (ein kafédel i Lademoen, endring av korpartiet i Bakke?).

For det vidare kyrkjelydsarbeidet i Lade, Bakklandet og Lademoen vil eg særskilt lyfte fram nokre utfordringar:

- I Lademoen trur eg det er viktig at arbeidet med å opne kyrkja for dei minste barna vert ført vidare til ei enda større del av barnegruppa. Visjonen om å vere barnas katedral er stor og god, og både kyrkjerom og arbeidsformene innbyd til å arbeide vidare med dette. Det er spennande at de både har språklause gudstenester og samstundes arbeidar med språk-kafear. Kanskje er det eit høve for å skape et rom for språk. Med nytt golv vert rommet enda varmare: Kyrkja kan opnast for at enda fleire kan finne eit rom for si tru og sitt språk i det. Ta i bruk rommet, skjerm gjerne av deler av det slik at det blir lettare å få til den fleirbruken de søker. Kanskje kan deler av rommet være ein open kafe?

- Hald fram også med å delta i bydelsutviklinga og samtalene som går føre seg om dette. Kyrkja har mykje å lære bort, men det kan også være mykje å lære. Ei kyrkje som held samhandlingane i gang, både internt og eksternt, er ei levende kyrkje.
- I samband med utbygginga på Nyhavna kan ein sjå på om det rom for ei ekstra diakonal stilling retta mot ungdom og unge vaksne i ein bydel i endring.
- I Lade kyrkje er det viktig å halde fram arbeidet med å vere open. Den sentrale plasseringa kyrkjebygget har midt mellom historie, tradisjon, kunnskap og kjøpesenter, gjev kyrkja det riktige preget av å samstundes vere fortid, nåtid og framtid.

La kyrkja være open, både fysisk og programmatisk.

- I denne samanhengen kan det vere fint å ha jubileumsåret 2030 i synsvinkelen: Lade kyrkje kan utvikle rolla som identitetsberar for kultur og historie, gjerne med blikket retta mot Stiklestad. Samstundes må de halde fram det gode arbeidet med dei alminnelege kyrkjelege oppgåvene: Legg vekt på den gode lokale tilknytinga, og hald fram det gode arbeidet med kyrkjelege handlingar og gudstenester.

- Vi fekk også starta nokre gode samtalar om korleis Bakke kyrkje skal nyttast i åra framover. Den ligg der som ein tradisjonsberar i det moderne Trondheim, midt i byen der folk ferdast. Innafor ein liten radius er ressursar innanfor kultur og kreativitet som godt kan finne ei plass i kyrkjerommet. Søk gode samarbeidspartnarar i utdanningsinstitusjonar, festivalar og kulturliv, snakk med dei om korleis dette unike rommet kan vere ein møtestad for kyrkje, kultur og samfunn.

Til sist: Hald fram med det gode arbeidet de gjer med å sjå kvarandre. Lat dykk inspirere av kvarandre og hald fram det gode arbeidet med samarbeid på kryss og tvers i Østbyen.

Og heilt til sist vil eg takke alle som har vore involvert i arbeidet med visitasen. Det har vore eit godt fellesskap og rike, interessante dagar. Eg har ikkje berre fått sjå dykk, men ved å sjå har eg også blitt sett, og med det fått viktige innspel til mitt arbeid og mine oppgåver.

Eg ynskjer Guds signing over Østbyen og alle som bur her og arbeider her, og spesielt ovet kyrkjelydane og det store og viktige arbeidet de står i.

Trondheim 31.10.2021

Olav Fykse Tveit

Preses